

Notat

Til: Hovudutval for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

1. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane

Fylkestinget gjorde 11. juni 2013 i sak 26/13, Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024, m.a. slikt vedtak:

Punkt 17:

Samarbeidet mellom skulane må styrkast og utviklast. Fylkestinget ber hovudutval for opplæring legge fram ei særskilt sak om dette.

Fylkesdirektøren legg med dette fram eit notat om samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane, og ber hovudutvalet for opplæring klargjere eventuelle bestillingar knytt til vedtaket i fylkestinget.

2. Døme på samarbeid

Det eksisterer utstrakt samarbeid mellom dei vidaregåande skulane. I notatet vil fylkesdirektøren peike på nokre område for samarbeid som finn stad i dag. I tillegg til det som er omtala her eksisterer det mange former for samarbeid mellom enkeltskular som ikkje er nemnde.

2.1 Internasjonalt samarbeid

Gjennom det internasjonale arbeidet er det samarbeid mellom skular og opplæringskontor om arbeidsutplassering av elevar og lærlingar. I dette arbeidet inngår det mellom anna kompetanseheving av lærarar, lærlingansvarlege, leiarar og fagleg ansvarlege i form av studieturar. Mellom anna har Stryn vidaregåande skule regien på eit stort Leonardo da Vinci partnarskapsprosjekt saman med Måløy vidaregåande skule og opplæringskontoret BYGGOPP. Prosjektpartnarar i Europa er frå Danmark og Polen.

2.2 Fyr-prosjektet (Fellesfag, yrkesretting og relevans)

Den statelege satsinga på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram. Mellom anna har fylkeskommunen fått tildelt tre millionar for å vidareføre satsinga frå det nasjonale prosjektet Ny GIV. Ein sentral del av dette er arbeidet med FYR-prosjektet (fellesfag, yrkesretting og relevans). Øyrane vidaregåande skule er knutepunktskule og fire lærarar i faga norsk, engelsk, matematikk og naturfag har eit spesielt ansvar for spreining av gode yrkesretta opplegg mellom skulane på ulike utdanningsprogram. Dette inkluderer m.a. fagdagar, deling av gode døme gjennom fagnettverka, deling av undervisningsopplegg gjennom den digitale læringsplattforma NDLA, etterutdanning og hospitering i bedrift.

2.3 Samarbeid gjennom fagnettverk

For å få ei samordning og ei felles forståing av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet vart det i 2006 oppretta faglege nettverk mellom lærarar frå ulike skular. Seinare har det òg blitt oppretta yrkesfaglege nettverk, med deltakarar også frå opplæringskontor og arbeids- og næringsliv. I

mandatet til nettverka blir det peika på at ein skal samarbeide nært med fagmiljø og kollegaer ved eigen skule og mellom skular og arbeids- og næringsliv.

2.4 Samarbeid om personalforvaltning

Gjennom vedtaket av skulebruksplanen har dei vidaregåande skulane fått særlege utfordringar knytt til personalforvaltninga. Gjennom utstrakt samarbeid mellom skulane i arbeidet med planlegginga av neste skuleår, har ein klart å finne løysingar for den enkelte og trygga at rett kompetanse er tilgjengeleg. Utstrakt samarbeid har vore nøkkelen til å utøve god arbeidsgivarpolitikk i omstillinga som no finn stad.

2.5 Samarbeid om kompetanseheving og pedagogisk utviklingsarbeid

Det eksisterer mange ulike former for samarbeid om pedagogisk utviklingsarbeid og kompetanseheving mellom skulane. Mellom anna har det gjennom mange år vore utviklingsarbeid mellom Dale, Høyanger og Flora vidaregåande skular. Skulane i Nordfjord har samarbeid både mellom leiarane på dei fire skulane og har felles kompetansehevingdagar for pedagogane. Det er felles planleggingsdag for tilsette på Dale, Hafstad, Høyanger, Mo og Jølster og Øyrane vidaregåande skular. Skular samarbeider om utviklingstiltak i digital satsing, vurdering for læring og klasseleiing. Slike regionssamarbeid eksisterer innanfor ei rekkje område.

Det er òg samarbeidsarenaer mellom *alle* skulane. Det blir arrangert samlingar for tilsette med ulike funksjonar og stillingar med tanke på deling av erfaringar og kompetanseheving. Til dømes er det starta opp eit samarbeid mellom alle skulane for å heva kompetansen i pedagogisk bruk av kontorpakka Microsoft Office.

2.6 Andre former for samarbeid

Fylkesdirektøren vil streke under at i tillegg til det som er nemnd ovanfor er eit utstrakt samarbeid mellom skulane om område som oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste. Skulane samarbeider òg mykje med eksterne partar som arbeids- og næringsliv og med grunnskulane.

3. Samarbeid vidare

Fylkesdirektøren arbeider kontinuerlig med samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane. Dette er ein sentral del av styringsdialogen, utviklinga av profesjonell leiing og i oppfølginga av handlingsprogrammet «God – betre – best!». Til dømes vil det i arbeidet med auka gjennomføring bli satsa på:

- å utvikle samarbeidet om korleis ein best kan legge til rette for, og følgje opp svakt presterande elevar
- å utvikle og styrke det faglege samarbeidet mellom skulane gjennom yrkesretting og relevans i fellesfaga

I lys av samarbeida som eksisterer mellom skulane, og at dette er del av det kontinuerlige kvalitetsarbeidet, ber fylkesdirektøren hovudutvalet avklare vedtakspunkt 17 i sak 26/13 «Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024», og kome med eventuelle bestillingar for oppfølging av vedtakspunktet.